



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
04.03.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2014/692 - 320
Dykkar referanse

Kommunane i Sogn og Fjordane
v/ ordførarar og rådmenn

Kommunereforma – folket skal meine og kommunestyra skal gjere vedtak

Status i kommunane

Kommunane har brukt tida på nyåret til å ferdigstille utgreiingar, forhandla fram intensjonsavtalar til handsaming i kommunestyra og førebudd folkerøystingar eller spørjeundersøkingar. Med grunnlag i dette har det vore gjennomført fleire prosjektmøte, styringsgruppemøte, forhandlingsmøte og innbyggjarane har fått informasjon og kome med sine meiningar i folkemøte. Samla sett har kommunane lagt ned mykje godt reformarbeid. Slik det ser ut no blir det 22 kommunar som er med i ulike intensjonsavtalar, gjennomfører folkerøystingar eller spørjeundersøkingar og skal innan 1. juli gjere vedtak i kommunestyra om framtidig kommunestruktur.

[Kommunereforma – status i Sogn og Fjordane](#)

Høyring av innbyggjarane på alternativ

Inndelingslova seier at innbyggjarane bør høyrast før kommunestyret gjer vedtak om ei eventuell samanslåing. I prosessen med kommunereforma meiner Fylkesmannen at dette også må gjelde for kommunar som vel å stå åleine. Det er opp til kommunestyret å velje høyringsmetode. Dette omtalte vi nærmare i [infobrevet](#) til kommunane i november 2015.

Slik prosessen i kommunereforma har vore lagt opp, er det både naturleg og rett at kommunane har prioritert utgreiingar saman med andre kommunar. Fleirtalet av kommunane står no framfor høyring av innbyggjarane på konkrete alternativ for samanslåing, eller om kommunen skal halde fram åleine. Det blir då viktig at innbyggjarane også får informasjon om korleis kommunen ev. vil klare seg som eigen kommune i framtida. Dette blir og nødvendig informasjon for dei folkevalde når dei skal fatte sine vedtak og når Fylkesmannen skal gjere si tilråding til departementet og seinare som eit grunnlag for endeleg vedtak av Stortinget. I tillegg til kommunens eigenkunnskap vil rettleiaren [vegen mot ein ny kommune](#) vere til hjelp i ei drøfting og utgreiing om kommunens status (sterke og svake sider), utfordringar og moglegheiter i framtida. Rettleiaren tek utgangspunkt i kommunanes fire roller som tenesteytar, myndigheitsutøvar, samfunnsutviklar og lokaldemokrati sett i samheng med overordna mål for reforma og dei ti [kriteria](#) som ekspertutvalet har sett opp for god kommunestruktur. Rettleiaren har døme på spørsmål som kommunane kan drøfte i utgreiinga, som:

- Kor godt klarer kommunen å stå åleine i eit 20 – 30 års perspektiv?
- Kor avhengig er kommunen av nabokommunar for å levere lovpålagte tenester?
- Kor omfattande kan eit interkommunalt samarbeid vere før ulempene er større enn fordelane?
- Kva er mål for framtidig utvikling – kan måla nåast best åleine eller som del av ein større kommune?

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Askvoll kommune har utarbeidd ei sak om vurdering av [Askvoll som eigen kommune i framtida](#).

Fylkesmannen si tilråding

Fylkesmannen skal på sjølvstendig grunnlag gjere ei vurdering av vedtaka til kommunestyra der det blir lagt vekt på heilskapen i regionen og fylket, og innan 01.10.2016 gje tilråding om framtidig kommunestruktur i fylket på grunnlag av:

- Lokale prosessar, innhald og vedtaka til kommunane
- Heilskapen i regionen og fylket
- Måla for kommunereforma
- Kritereria for god kommunestruktur

Dette blir det nærmare orientert om på kommunekonferansen 19. – 20. mai.

Fylkesmannen ønskjer kommunane lukke til med reformarbeidet i sluttspurten fram mot 1. juli.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
prosjektleiar

Kopi pr. e-post: KS Sogn og Fjordane